UiT
NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

Avdeling for forsking og utviklingsarbeid
Arkivref.: 2017/6565
Dato: 19.12.2017

Avdeling for utdanning
Det helsevitskaplege fakultet
Det juridiske fakultet
Det kunstfaglege fakultet
Fakultet for biovitskap, fiskeri og økonomi
Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning
Fakultet for ingeniørvitskap og teknologi
Fakultet for naturvitskap og teknologi
Tromsø Museum – Universitetsmuseet
Universitetsbiblioteket

Utkast til revisjon av forskrift om graden philosophiae doctor (ph.d.) ved UiT – høyring

Vedlagt følgjer gjeldande ph.d.-forskrift med innspel til mogelege endringar / framlegg til endringar innarbeidd under dei aktuelle paragrafane. Som det går fram av utkastet er det forslag om større og mindre endringar. I tillegg er det gitt merknader til paragrafar som kan bli endra avhengig av framtidig organiseringa av programma eller av drifta ved UiT.

Vi vil særleg peika på desse innspela/framlegga:

Til § 5 Innhaldet i doktorgradsutdanninga, andre ledd, utkastet side 4: Då institusjonane starta med organisert forskarutdanning gjennom «dei nye gradane» – dr.scient. dr. art. m.v. – på 80-talet, var ikkje prøveførelesing del av prøven og dei første kandidatane heldt ikkje prøveførelesing, jf. merknaden i utkastet. Vi stiller spørsmål ved om førelesinga har utspela si rolle i doktorgradsprøven og ber om innspel til det. Kva talar for å behalda førelesinga? Kva talar for å fjerna ho? Viss førelesinga skal fjernast, bør ho då erstattast av noko anna?

Til § 7. Søknaden fjerde ledd, side 6 *og forslag til nytt tredje ledd i § 22 Kvalitetssikring og rapportering*, side 14. Det er føreslått presisert at potensialet for innovasjon og/eller idear som kan kommersialiserast skal vurderast i prosjektbeskrivinga og i samband med midtvegsevaluering, jf. rapporten frå Fokusgruppe innovasjon og entreprenørskap i utdanningen (2017/5604-1). Vi føreslår også at det skal krevjast databehandlingsplan i prosjektbeskrivinga.

Til forslag til nytt § 22 tredje ledd, side 14. Universitetsstyret vedtok 9.2.2017 at midtvegsevaluering skal vera ein obligatorisk del av ph.d.-studiet, jf. sak S 2/17 *Gjennomstrømming i ph.d.-studiet*. Forslaget er at det skal oppnemnast minst to personar som skal stå for evalueringa. Ut over det står fakulteta fritt til å organisera arbeidet, enten dei vil ha ein enkel, gjerne skriftleg, prosess, eller gjennomføra det som eit opent arrangement eller noko innimellom. Men det er viktig at kvart enkelt fakultet lagar tydelege utfyllande reglar, slik at studentane veit kva dei har å halda seg til. Fleire fakultet har alt innført midtvegsevaluering, og nokon er i ferd

med å gjera det no. Forslaget er at ordninga skal vera innført seinast frå og med dei som tek til på ph.d.-studiet våren 2018, og at de frå same tidspunkt skal vera eit arbeidskrav knytt til avhandlingsemnet.

Til § 32 *Handsaming av innstillinga,* side 20. Vi legg fram to alternative forslag til forenkling av prosessen, slik at det som no er bedømmelseskomiteen si innstilling i staden vert komiteen sitt vedtak enten uansett konklusjon (alternativ I), eller ved samrøystes vedtak (alternativ II).

Når det gjeld dei andre framlegga til endringar, viser vi til utkastet. Det er sjølvsagt også høve til å komma med nye forslag.

Høyringsfristen vert sett til fredag 16. februar.

Vennleg helsing

Pål Vegar Storeheier
forskingsdirektør

Olaug Husabø
seniorrådgivar

olaug.husabo@uit.no
77 64 52 77

Kopi: Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt